

reddet minst fire menneskeliv. Melankolsk sa han: «Jeg har tatt langt flere liv i min karriere enn jeg har reddet.» Knappt noen orker å fortelle eller evner å skrive om det.

Abortene er antakelig i ferd med å bli mer usynlige, også for leger. En abort kan nå gjøres med piller hjemme. Likevel er kanskje reproduktive hendelser styrende også for moderne kvinners liv. Barna vi fikk. Barna vi ikke fikk. Barna vi ventet. Barna vi mistet og barna vi valgte bort. Den språklig litt famlende fortellingen om Henriette gir innblikk i en ung, urban kvinnes følelser før og etter et svangerskapsavbrudd. *Amygdala* er Kerosha Gonaseelans første roman. Forhåpentligvis får vi flere.

Anne Eskild

Kvinneklinikken
Akershus universitetssykehus

Abort i legemiljø

Mjaaland M.

13. uke

279 s. Oslo: Gyldendal, 2008. Pris NOK 349
ISBN 978-82-05-37606-9



Marianne Mjaaland tredje roman vart gitt ut til 30-årsmarkeringa for abortlova i juni 2008. Romanen fokuserer på etiske, medisinske og følelsemessige sider ved abortinngrep. Men han er også retta mot mange andre

tema; tidsklemma for travle legar, legeekte-skap, samliv, lojalitet, vennskap, utruskap og svik både familiært og i det indre liv på intensiv, kirurgisk og gynekologisk avdeling.

Vera Wiehe vart satt på skrapestua på sin første arbeidsdag på gynekologisk avdeling. Idet narkosen startar ombestemmer pasienten seg og ber om at inngrepet blir stansa. Vera overhøyrer utsagnet, og i den påfølgjande gynekologiske undersøkinga i narkose palperer ho ei livmor som er godt over 12 veker. Ho oppdagar systemfeil med at det ikkje er gjort kvalifisert gynekologisk undersøking etterfølgt av ultralydundersøking for å fastsetje svangerskapets lengde. Under tvil utfører ho inngrepet på tradisjonelt vis for første trimester svangerskapsavbrot – utan at ho har full blødningskontroll ved avslutninga av inngrepet. Pasienten blir derfor lagt på postoperativ intensivavdeling. Her ifrå rullar handlingane tett og vi møter dei andre personane i romanen.

Mjaaland, utdanna lege, kjenner sjuke-

husmiljøet godt. Språket og innhaldet fungerer best når ho skildrar aktiviteten på dei ulike avdelingane som handlinga er lagt til. Lesaren opplever Veras samvitskvalar med å ha gjennomført inngrepet til tross for at pasienten bad ho om å stanse, kvalane med at ho gjekk vidare med inngrepet då ho oppdaga at 12-vekersgrensa var langt overskride og uroa ho opplevde over blødningska som ikkje var under kontroll. I dette landskapet fungerer romanen. Idet romanen går over til å handle om Veras eige svangerskapsavbrot og dei illegale svangerskapsavbrota til hennar venninner, mistar romanen dybde. Disposisjonen er der. Ekteskapet mellom Vera og Axel har historie nok til at eit nytt svangerskap, planlagt (av den eine) eller ikkje-planlagt (av den andre), kunne gi nyanserte opplevingar av kor vanskeleg eit val er og kva for spørsmål Vera må ta stilling til før avgjerda om å avbryte eller fullføre svangerskapet. For Vera (og Axel) er det å etterleve arbeids- og barnehagetid i lange periodar meir enn nok og overskugar dei vanskelege kjenslene som Vera slit med i fråvær av kommunikasjon med Axel om savn, lojalitet, utruskap og svik. I dette landskapet av eksistensielle situasjonar kunne Mjaaland ha ikledd sine personar verdifull innsikt i kvinners (versus menns) dilemma med å vurdere om ho skal fullføre eller avbryte eit «nytt» svangerskap, i ung eller moden alder. I dette perspektivet kjem ikkje romanen under huden til Vera eller venninnene hennar. Vera forblir som kirurgen, eit handlande vesen, som tek beslutningar utan at vi er tilstrekkeleg innvigd i bakgrunnen for vala.

Marianne Mjaaland har skapt debatt med romanen. Ho fekk Livsvernprisen i 2009 for «å ha bidratt til åpenhet om kvinners erfaringer og opplevingar tilknyttet svangerskapsavbrudd». Romanen gir ei god skildring av legemiljøet på godt og vondt, frå den største omsorga for pasientene, til samhald, rivalisering, makt og karriereutvikling. Tematisk gaper romanen over for mange store spørsmål, slik at hovudtemaet, mangfaldet i den sosiale konteksten der svangerskapsavbrot er eit reelt val, blir svekt.

Finn Egil Skjeldestad

Kvinneklinikken
Institutt for klinisk medisin
Universitetssykehuset Nord-Norge

Komplisert krim

Cornwell P.

De dødes bok

400 s. Oslo: Gyldendal, 2008. Pris NOK 129
ISBN 978-82-05-39436-0



Gjennom nesten 20 år har vi fått følge rettsmedisineren Kay Scarpettas mange krevende og spennende oppdrag. Det begynte med boken *Post-mortem* som kom i 1990. Suksessforfatteren Patricia Cornwell (f. 1956)

har skapt ikke bare dr. Scarpetta selv, men et helt persongalleri rundt henne. Vi er blitt kjent med niesen Lucy, den tidligere politimannen Pete Marino, sekretæren Rose, kjæresten Benton Wesley og det svært amerikanske miljøet omkring dem (1).

Den 15. boken om Kay Scarpetta, *Book of the dead*, som utkom i 2007, er oversatt av Per Kristian Gudmundsen, ble utgitt på norsk første gang i 2008, og foreligger nå som pocketbok. Scarpetta er blitt privatpraktiserende (!) rettsmedisiner i Charleston, North Carolina. Både hennes faglige og private liv er blitt innfløkt, også forholdet til hennes nærmeste. Disse vanskelige relasjonene preger mye, ja faktisk litt for mye, av handlingen i denne boken.

Selve krimgaten begynner med drapet på en ung, kvinnelig amerikansk tennistjerne i Roma, like ved turistmagneten Piazza Navona. Drapsmannen hadde lemlestet liket, bl.a. fjernet begge øyne, fylt øyehulene med sand og forseglert øyelokkene med superlim. Dataanimasjoner av den mishandlede kroppen leder oss inn i en lang og komplisert historie som inneholder mye avansert teknologi og mange personer.

Handlingen fører oss fra Roma til USAs østkyst, og videre til Boston og California. Mange medisinske fenomener og diagnoser møter oss. De til dels spesielle diagnosene som trikotillomani, hypofyseadenom og hyperseksualitet pga. testosteronbehandling, minner om amerikanske fjernsynserier. Det kan ikke ha vært helt enkelt å oversette boken til norsk, men stort sett er resultatet tilfredsstillende.

Patricia Cornwell, som også har skrevet en leseverdige bok om Jack the Ripper (2), har en spesiell dragning mot seriemordere, og fornekter seg heller ikke denne gangen. Etter 400 sider avsløres en ganske uventet og ikke helt tilforlatelig sammenheng. Ingen skal beskyldes forfatteren for å gjøre det enkelt for leserne å gjette løsningen.

For dem som ikke er kjent med Kay Scarpetta og hennes medarbeidere fra før, må denne historien være enda mer krevende enn